

# NYNORSK REGELBOK



NORSKnytt

# NYNORSK REGELBOK

TILPASSA NY NYNORSK RETTSKRIVING FRÅ AUGUST 2012

## SUBSTANTIV

Ordklassen substantiv omfattar to underklassar:

- A. **Fellesnamn**, som viser til ein gjenstand, eit vesen eller eit omgrep.
- B. **Eigennamn**, som viser til eit individ, eit bestemt eksemplar eller ein stad.

Vi skriv eigennamna med stor bokstav. Nesten alltid er skrivemåten den same på bokmål og nynorsk. Nokre få unntak finst. Legg spesielt merke til desse stadnamna: **Alpane**, **Austerrike**, **Austlandet**, **Daudehavet**, **Filippinane**, **Golfstraumen**, **Kanariøyane**, **Midtausten**, **Noreg** og **Raudehavet**.

**Fellesnamna** blir delte inn i grupper etter kjønn. Vi skil mellom

- Hankjønnsord (*maskulinum*)
- Hokjønnsord (*femininum*)
- Inkjekjønnsord (*nøytrum*)

Ein del substantiv har valfritt kjønn, slik at dei for eksempel kan vere anten hankjønnsord («ein klasse») eller hokjønnsord («ei klasse»). Du kan ikkje la eit ord veksle mellom å vere hankjønnsord og hokjønnsord i den same teksten.

Det er lurt å lære seg **hovudreglane for bøyning av substantiv**, for då slepp du å slå opp i ordboka så ofte. Legg merke til at inkjekjønnsord i ubunden form har heilt lik skrivemåte i eintal og fleirtal:

TABELL 1: SUBSTANTIV	Eintal		Fleirtal	
	Ubunden form	Bunden form	Ubunden form	Bunden form
<b>Hankjønnsord</b>	(ein) stol	stolen	(fleire) stolar	(alle) stolane
<b>Hokjønnsord</b>	(ei) jente	jenta	(fleire) jenter	(alle) jentene
<b>Inkjekjønnsord</b>	(eit) tre	treet	(fleire) tre	(alle) trea

Nokre hankjønnsord er det mogleg å bøye som hokjønnsord i fleirtal (**bunader/bunadene**), på den same måten som nokre hokjønnsord kan få bøyingsendingar som hankjønnsord (**øyar/øyane**).

For hokjønnsorda finst det eitt viktig unntak frå hovudmønstret. Hokjønnsord som endar på **-ing** i ubunden form eintal, får hankjønnsendingane **-ar** og **-ane** i fleirtal:

TABELL 2: UNNTAK	Eintal		Fleirtal	
	Ubunden form	Bunden form	Ubunden form	Bunden form
<b>Hokjønnsord på -ing</b>	(ei) dronning	dronninga	dronningar	dronningane
	(ei) forteljning	forteljninga	forteljingar	forteljingane
	(ei) kjerring	kjerringa	kjerringar	kjerringane

Ei lita gruppe hankjønnsord følgjer ikkje hovudmønsteret for bøyning. Dei fem øvste substantiva i tabellen nedanfor følgjer likevel eit mønster: Dei har vokalskifte og hokjønnsendingar i fleirtalsformene. Dei fem nedste hankjønnsorda er uregelrette og må puggast kvar for seg.

TABELL 3: HANKJØNNSORD	Eintal		Fleirtal	
	Ubunden form	Bunden form	Ubunden form	Bunden form
Hankjønnsord med vokalskifte	(ein) bror	broren	brør	brørne
	(ein) son	sonen	søner	sønene
	(ein) bonde	bonden	bønder	bøndene
	(ein) fot	foten	føter	føtene
	(ein) nagl	naglen	negler	neglene
Uregelrette hankjønnsord	(ein) far	faren	fedrar	fedrane
	(ein) mann	mannen	menn	mennene
	(ein) feil	feilen	feil	feila
	(ein) sko	skoen	sko (el. skor)	skoa (el. skorne)
	(ein) ting	tingen	ting	tinga

Også nokre av hokjønnsorda har eit uregelrett bøyingsmønster. Her er dei viktigaste:

TABELL 4: HOKJØNNSORD	Eintal		Fleirtal	
	Ubunden form	Bunden form	Ubunden form	Bunden form
Uregelrette hokjønnsord	(ei) dotter	dottera	døtrer	døtrene
	(ei) mor	mora	mødrer	mødrene
	(ei) syster	systema	systerer	systrene
	(ei) ku	kua	kyr	kyrne
	(ei) hand	handa	hender	hendene

## S-genitiv

S-genitiv er i bruk også på nynorsk, men sjeldnare enn i bokmål. På nynorsk brukar vi s-genitiv ...

- ved særnamn («*Ibsens skodespel*», «*Noregs land*», «*Oslos innbyggjarar*»)
- ved fellesnamn i ubunden form («*i manns minne*», «*på kvinners vis*»)
- i uttrykk for tid og mål («*ei vekes tid*», «*eit års arbeid*», «*ein femkilos torsk*»)

I hovudsak er det fire måtar å skrive om s-genitivane på:

Framgangsmåte	Formulering på bokmål	→ Formulering på nynorsk
1. Bruk preposisjonar	<i>bygdas folk, kommunens vedtak</i>	<i>folket i bygda, vedtaket til kommunen</i>
2. Lag samansette ord	<i>Stortingets vedtak, skolens bibliotek</i>	<i>stortingsvedtaket, skulebiblioteket</i>
3. Bruk <i>sin/si/sitt/sine</i>	<i>bondens traktor, Knuts sykkel</i>	<i>bonden sin traktor, Knut sin sykkel</i>
4. Lag leddsetningar	<i>Han sa beløpets størrelse.</i>	<i>Han sa kor stort beløpet skulle vere.</i>

# VERB

Verb seier noko om

- ei handling («å springe», «å lese», «å slå»)
- ein tilstand («å sove», «å leve», «å vere»)
- ei endring («å vekse», «å døy»)

Vi bøyer verb i ulike tider. Det er blitt vanleg å skilje mellom presenssystemet (til venstre) og preteritumssystemet (til høgre). Når vi skriv ei forteljing om notid, brukar vi presenssystemet. Når vi skriv ei forteljing som er tidfesta ein gong i fortida, brukar vi preteritumssystemet:

<b>Presens</b>	går
<b>Presens perfektum</b>	har gått
<b>Presens futurum</b>	skal gå
<b>Presens futurum perfektum</b>	skal ha gått

<b>Preteritum</b>	gjekk
<b>Preteritum perfektum</b>	hadde gått
<b>Preteritum futurum</b>	skulle gå
<b>Preteritum futurum perfektum</b>	skulle ha gått

Oppslagsordet i ordlistene er alltid infinitivsforma, altså den ubøyde forma av verbet («le», «skjelve», «tenkje»). Papiroardlistene fortel oss korleis vi bøyer verb *a verbo*. Altså får vi vite bøyingsmønsteret for dei tre hovudformene av verbet: *presens*, *preteritum* og *presens perfektum*. I den digitale utgåva av Nynorskordboka ([www.nynorskordboka.no](http://www.nynorskordboka.no)) får du for kvart verb heile bøyingsmønsteret også for *imperativ*, *perfektum partsipp* og *presens partisipp*.

I nynorsk kan du velje om du vil bruke **infinitivsendinga -a** eller **-e**. I denne minigrammatikken brukar vi infinitiv på **-e**, akkurat som på bokmål. Same kva du vel, er det viktig å vere konsekvent i ein og same tekst.

**Svake verb** er verb som har ending i preteritum (*kasta*, *reiste*, *levde*, *kjørde*, *fortalde*, *nådde*). Som regel har desse verba ikkje vokalskifte.

Dei fleste nynorske verba er **a-verb**. Dei har endinga **-ar** i presens og **-a** i preteritum og perfektum partsipp. Hugs på at nesten alle dei verba som i bokmål sluttar på **-et** i preteritum, blir til a-verb på nynorsk:

**TABELL 5:  
A-VERB**

Infinitiv	Presens	Preteritum	Presens perfektum
å hoppe	hopp <b>ar</b>	hopp <b>a</b>	har hopp <b>a</b>
å kaste	kast <b>ar</b>	kast <b>a</b>	har kast <b>a</b>
å snakke	snakk <b>ar</b>	snakk <b>a</b>	har snakk <b>a</b>

E-verb har endinga **-er** i presens. I preteritum får dei endinga **-te** eller **-de**:

**TABELL 6:  
E-VERB**

Infinitiv	Presens	Preteritum	Presens perfektum
å kjøpe	kjøp <b>er</b>	kjøp <b>te</b>	har kjøp <b>t</b>
å lære	lær <b>er</b>	lær <b>te</b>	har lær <b>t</b>
å sende	send <b>er</b>	send <b>e</b>	har send <b>t</b>



Kan vi vite om vi skal bruke preteritumsendinga **-te** eller **-de** i eit e-verb?  
 Ja, det finst hugsereglar! E-verb med stamme som endar på **f, l, s, k, p, t** eller **r** (konsonantane i **FLASKEPOSTAR**), får endinga **-te** i preteritum og **-t** perfektum partisipp (tre**fte**/tre**ft**, hjel**pte**/hjel**pt**, heit**te**/heit**t**, not**erte**/not**ert**).  
 E-verb med stamme som endar på **d, v** eller **g** (konsonantane i **V-DAG**), får endinga **-de** eller **-dde** i preteritum (byg**de**, lev**de**, arbeid**de**, greid**de**).



**J-verb** har **-je** i infinitiv og inga ending i presens slik som dei sterke verba. Som ein hovudregel har desse verba vokalskifte i preteritum og perfektum partisipp:

**TABELL 7:  
J-VERB**

Infinitiv	Presens	Preteritum	Presens perfektum
å fortelje	fortel	fortalde	har fortalt
å setje	set	sette	har sett
å spørje	spør	spurde	har spurt
å velje	vel	valde	har valt

**Kortverb** er verb som berre har éi staving i infinitiv og som endar på rotvokalen. Dei har endinga **-r** i presens, **-dde** i preteritum og **-dd** i perfektum partisipp:

**TABELL 8:  
KORTVERB**

Infinitiv	Presens	Preteritum	Presens perfektum
å bu	bur	budde	har budd
å nå	når	nådde	har nådd
å tru	trur	trudde	har trudd

Nokre av dei aller vanlegaste verba, **st-verba**, har **-st** i alle former. Dette er verb som har aktiv tyding, og dei må ikkje forvekslast med passivformene av andre verb («*det måtte kjørast vatn*»)

**TABELL 9:  
ST-VERB**

Infinitiv	Presens	Preteritum	Presens perfektum
å finnast	finst	fanst	har funnest
å møtast	møtest	møttest	har møtst
å synast	å synest	syntest	har synst
å treffast	treffest	treftest	har trefst

Ei lita gruppe **uregelrette svake verb** blir bøygd annleis enn både a-verb, e-verb, j-verb og kortverb. Det er snakk om mykje brukte verb, så du bør pugge bøyingsmønsteret:

**TABELL 10:  
UREGELRETTE  
VERB**

Infinitiv	Presens	Preteritum	Presens perfektum
å eige	eig	eigde	har eigd
å gjere	gjer	gjorde	har gjort
å leggje	legg	la	har lagt
å seie	seier	sa	har sagt
å vite	veit	visste	har visst
å kunne	kan	kunne	har kunna
å skulle	skal	skulle	har skulla
å vilje	vil	ville	har villa

**Sterke verb** har berre ei staving i preteritumsformene – og berre ei staving i presensformene. Så godt som alle sterke verb har vokalskifte, men det finst mange fleire verb enn dei som er førte opp i lista nedanfor. Derfor er det ein god vane å slå opp mange verb i ordlista når ein les korrektur.

**TABELL 11:**  
**STERKE**  
**VERB**

<b>Infinitiv</b>	<b>Presens</b>	<b>Preteritum</b>	<b>Presens perfektum</b>
å be	ber	bad	har bedt
å bere	ber	bar	har bore
å binde	bind	batt	har bunde
å bite	bit	beit	har bite
å bli	blir	blei	har blitt
å by	byr	baud	har bode
å dra	drar	drog	har dratt
å drikke	drikk	drakk	har drukke
å ete	et	åt	har ete
å falle	fell	fall	har falle
å finne	finn	fann	har funne
å fly	flyg	flaug	har floge
å fryse	frys	fraus	har frose
å få	får	fekk	har fått
å gi	gir	gav	har gitt
å gli	glir	gleid	har glidd
å gråte	græt	gret	har gråte
å gå	går	gjekk	har gått
å halde	held	heldt	har halde
å kome	kjem	kom	har kome
å la	lèt	lét	har late
å leggje	legg	la	har lagt
å lese	les	las	har lese
å liggje	ligg	låg	har lege
å sitje	sit	sat	har sete
å sjå	ser	såg	har sett
å skjere	skjer	skar	har skore
å skrike	skrik	skreik	har skrike
å skrive	skriv	skreiv	har skrive
å skyte	skyt	skaut	har skote
å slå	slår	slo	har slått
å sove	søv	sov	har sove
å springe	spring	sprang	har sprunge
å stele	stel	stal	har stole
å stå	står	stod	har stått
å ta	tar	tok	har tatt
å vekse	veks	vaks	har vakse
å vere	er	var	har vore
å verte	vert	vart	har vorte
å vinne	vinn	vann	har vunne

## Parverb

Nokre verb har både svak og sterk bøyning. Dei sterke verba er intransitive (einverdige) og tek ikkje objekt. Dei svake verba er transitive (toverdige) og tek objekt. Her er nokre eksempel:

- å liggje – ligg – låg – har lege (Boka låg på bordet.)
- å leggje – legg – la – har lagt (Han la boka på bordet.)
- å sleppe – slepp – slapp – har sloppe (Elevane slapp unna snøraset.)
- å sleppe – slepper – sleppte – har sleppt (Læraren sleppte elevane ut.)
- å fryse – frys – fraus – har frose (Dei fraus under heile skituren.)
- å fryse – fryser – fryste – har fryst (Dei fryste ned blåbæra.)
- å sitje – sit – sat – har sete (Dei sat lenge framfor tv-en.)
- å setje – set – sette – har sett (Dei sette seg ned i sofaen.)

## Presens partisipp

I nynorsk får presens partisipp endinga **-ande**:

- Veslesyster sprang **gråtande** heim.
- Ungdommane blei **sitjande** og diskutere sluttspellet.
- Motorsyklane kom **buldrande** gjennom kyrkjedøra og forstyrra nok presten.
- Opposisjonsleiaren gledde seg over **glitrande** meiningsmålingar.

## Samsvarsbøyning

Perfektum partisipp oppfører seg på den same måten som adjektiv når vi skriv setningar:

- Han hadde med seg ein **spissa** blyant i pennalet.
- Det var eit **tenkt** tilfelle.
- Ho forstod ikkje kvifor **dømde** forbrytarar skulle få røyste i folkeavstemminga.

<b>TABELL 12: EIGEDOMSORD</b>	<b>Hankjønn</b>	<b>Hokjønn</b>	<b>Inkjekjønn</b>	<b>Fleirtal</b>
<b>Adjektiv:</b>	ein <i>stor</i> gut	ei <i>stor</i> jente	eit <i>stort</i> hus	<i>store</i> born
<b>Perfektum partisipp</b>	ein <i>skreven</i> roman	ei <i>skreven</i> bok	eit <i>skrive</i> brev	<i>skrivne</i> vitsar

Bokmål har samsvarsbøyning av adjektiv, men ikkje full samsvarsbøyning for perfektum partisipp. På nynorsk bøyer vi både adjektiv og perfektum partisipp i samsvar med substantivet når dei står etter hjelpeverba *vere*, *verte* og *bli*:

- *Romanen* er **skreven** av Lars Mæhle.
- *Boka* vart **skreven** av ein polititar.
- *Brevet* er **skrive** av ein elev.
- *Vitsane* i kransekaka **blir skrivne** av folk med mykje humor.

Det kan vere vanskeleg å halde styr på alle bøyingsendingane ved samsvarsbøyning. Den digitale utgåva av Nynorskordboka gir svært god hjelp, for der står bøyingsmønsteret til alle nynorskord.

# ADJEKTIV

Adjektiv seier noko om

- substantiv («*ein **høg** gut*», «*dei **tjukke** og **tunge** bøkene*», «*den **femte** jenta*»)
- pronomen («*ho er **snill***», «*dei er **sintare** enn før*»)

Ordenstala er ei spesiell gruppe adjektiv. Når ordenstala står aleine, kan vi av og til velje om vi vil skrive dei med siffer eller bokstavar. Dersom vi brukar adjektiv til å lage samansette ord, må vi bruke bindestrek når vi skriv ordenstalet med siffer, men ikkje når vi skriv med bokstavar:

- *Borna mine går i 3., 6. og 9. klasse.*
- *Eg går i niande klasse, og niandeklassen min er den beste i heile verda.*
- *Dei nye 8.-klassingane var overalt i skulegarden.*
- *Ho forelska seg ofte i tiandeklassingar med mørkt hår.*

Vi gradbøyer adjektiva når vi samanliknar. Dei adjektiva som på bokmål blir gradbøygde med endingane **-ere** og **-est**, får endingane **-are** og **-ast** på nynorsk:

**TABELL 13:**  
GRADBØYING

Positiv	Komparativ	(ending)	Superlativ	(ending)
dårleg	dårlegare	-are	dårlegast	-ast
heldig	heldigare	-are	heldigast	-ast
høg	høgare	-are	høgast	-ast
snill	snillare	-are	snillast	-ast
treig	treigare	-are	treigast	-ast

Nokre adjektiv – særleg dei med mange stavingar – gradbøyer vi ved å bruke **meir** og **mest**:

**TABELL 14:**  
MEIR/MEST

Positiv	Komparativ	Superlativ
framand	<b>meir</b> framand	<b>mest</b> framand
interessant	<b>meir</b> interessant	<b>mest</b> interessant
komplisert	<b>meir</b> komplisert	<b>mest</b> komplisert
skuffa	<b>meir</b> skuffa	<b>mest</b> skuffa

Nokre adjektiv får uregelrett bøying, akkurat som på bokmål. Legg merke til at skrivemåten av og til kan vere litt ulik på bokmål og nynorsk:

**TABELL 15:**  
UNNTAK

Positiv	Komparativ	Superlativ
få	færre	færrast
lang	lengre	lengst
gammal	eldre	eldst
vond	verre	verst
mange	fleire	flest
mykje	meir	mest
god	betre	best



**Samsvarsbøying** inneber at adjektivet blir bøygd i kjønn og tal i samsvar med substantivet det står til. Hovudmønsteret er at adjektiva får **t**-ending når dei står til inkjekjønnsord, og **e**-ending når dei står til fleirtalsformer:

Adjektiv som endar på vokal eller diftong, får endinga **-tt** i inkjekjønn:

**TABELL 16:**  
**SAMSVAR**

Hankjønn/hokjønn	Inkjekjønn	Fleirtal
ein stor sofa	eit stort <b>tt</b> bord	store bokhyller
ei trygg kvinne	eit trygt <b>t</b> barn	trygge menneske
ein god spelar	eit godt <b>t</b> brød	gode matrettar
ein stor villa	eit stort <b>tt</b> slott	store bygningar

Adjektiv som endar på vokal eller diftong, får endinga **-tt** i inkjekjønn:

**TABELL 17:**  
**-TT**

Hankjønn/hokjønn	Inkjekjønn	Fleirtal
ein blå bil / ei blå dokke	eit blått <b>tt</b> slott	blå bygningar
ein ny unge	eit nytt <b>tt</b> barn	nye born
ei snau veke	eit snautt <b>tt</b> døgn	snaue tre døgn
ein brei veg	eit breitt <b>tt</b> bord	breie vegar

Adjektiva **liten** og **eigen** har egne former i alle kjønn:

**TABELL 18:**  
**LITEN/EIGEN**

Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn	Fleirtal
ein liten feil	ei lita øy	eit lite barn	<b>små</b> hus
ein eigen veg	ei eiga hytte	eit eige rom	<b>eigne</b> fantasiar

Nokre adjektiv får inga ending i inkjekjønn:

- adjektiv som endar på -leg eller -ig (*eit dødeleg slag, eit gjerrig menneske*)
- nasjonalitetsord (*eit norsk flagg, eit indisk skip*)
- fleirstavingsord som endar på -sk (*eit fantastisk menneske, eit humanistisk fag*)

## An-be-het-else-ord

Ord som byrjar med forstavingane **an-** og **be-**, er nesten alltid lånnord som vi har fått frå tysk. I det nynorske skriftspråket prøvde ein lenge å unngå desse orda, og det same gjaldt bokmålsord med endestavingane **-het** og **-else**. I dag er det opna for nokre slike ord i nynorsk, for eksempel *angrep, beskjed, nyheit* og *følelse*. Ver likevel på vakt når du vil bruke an-be-het-else-ord:

- Skriv *rekne med* for **anta**, *ymte om* for **antydde**, *bruke* for **anvende**.
- Skriv *styrar* for **bestyrer**, *frigjering* for **befrielse**, *grunningving* for **begrunnelse**.
- Skriv *rettferd* for **rettferdighet**, *fridom* for **frihet**, *kjærleik* for **kjærlighet**.
- Skriv *hending* for **hendelse**, *undersøking* for **undersøkelse**, *utsetjing* for **utsettelse**.

# PRONOMEN

Pronomen er ord vi brukar i staden for substantiv. Det er vanleg å dele ordklassen inn i fire hovudgrupper:

- personlege pronomen («eg», «deg», «vi» ...)
- reflektivt pronomen («seg»)
- resiproke pronomen («einannan» og «kvarandre»)
- spørjepronomen («kven» og «kva»)

Bokmål har ei femte undergruppe, ubestemt pronomen, som inneheld ordet «man». Nynorsk manglar denne undergruppa, så vi må finne andre løysingar:

Bokmål	Nynorsk
<p><b>Man</b> vet ikke hvorfor dinosaurane forsvant.</p> <p><b>Man</b> kan jo lure på hva hensikten er.</p> <p><b>Man</b> bør ikke si noe om kjolen hennes.</p>	<p><b>Vi</b> veit ikkje kvifor dinosaurane forsvann.</p> <p><b>Ein</b> kan jo lure på kva formålet er.</p> <p><b>Du</b> bør ikkje seie noko om kjolen hennar.</p>

Vi har **personlege pronomen** både for første, andre og tredje person, og vi har eigne former for eintal og fleirtal. Dei personlege pronomena er dei einaste orda på norsk som har kasusbøying: Dei har både ei subjektsform og ei objektsform. I kolonnen lengst til høgre fører vi opp eigeomsord som høyrer til dei ulike personlege pronomena. Nynorske skrivemåtar er utheva:

<b>TABELL 19: PRONOMEN</b>		Subjektsform	Objektsform	Eigeomsord
<b>Eintal</b>	<b>1. person</b>	eg	meg	min
	<b>2. person</b>	du	deg	din
	<b>3. person</b>	han, <b>ho</b> , det	han, henne, det	hans, <b>hennar</b>
<b>Fleirtal</b>	<b>1. person</b>	vi/me <sup>1</sup>	oss	vår
	<b>2. person</b>	<b>de/dokker</b> <sup>2</sup>	<b>dykk/dokker</b>	<b>dykkar/dokkar</b>
	<b>3. person</b>	<b>dei</b> <sup>3</sup>	<b>dei</b>	<b>deira</b>

1. fotnote: På nynorsk må vi velje anten «vi» eller «me» som subjektsform i første person fleirtal, vi kan ikkje veksle fram og tilbake mellom dei to formene i den same teksten. Det blir vanlegare og vanlegare å velje «vi», men særleg eldre innbyggjarar på Vestlandet held fast ved «me» når dei skriv.

2. fotnote: Frå august 2012 kan vi omsetje bokmålsordet «dere» til «dokker», utan å tenkje på kva som er subjektsform og objektsform. I skrift møter vi oftast «de» og «dykk».

3. fotnote: På nynorsk er det ikkje mogleg å gjere de/dem-feil, for vi brukar «dei» både som subjektsform og objektsform i tredje person fleirtal.

På bokmål kan vi bruke det personlege pronomenet «den» for å vise til eit hankjønnsord eller eit hokjønnsord. På nynorsk brukar vi pronomenet «**han**» for å vise til hankjønnsord og pronomenet «**ho/henne**» for å vise til hokjønnsord. Pronomenet «**det**» brukar vi likt på bokmål og nynorsk:

- *Ikkje rør fjernkontrollen, **han** er min!*
- *Kan du løfte opp **sykkelen** og låse **han** fast til sykkelstativet?*
- *Veit du noko nytt om **hytta**? I dette veret trur eg ikkje at **ho** står til i morgon.*
- *Har du sett **boka mi**? Eg la **henne** i sekken min ...*
- ***Saka** er vanskeleg, og derfor må vi drøfte **henne** grundig.*
- *Skal bordet stå attmed **vindaug**? Kan vi ikkje heller flytte **det** til kjøkenet?*

I høfleg tiltale brukar vi andre person fleirtal, anten vi vender oss til ein person eller fleire. Bokmålsorda «De», «Dem» og «Deres» heiter på nynorsk «**De**», «**Dykk**» «**Dykkar**». No for tida er det mest i omgang med dei kongelege at vi brukar slike høgtidelege former ...

- *Kan eg hjelpe **Dykk** med skolissene?*
- ***De** må endre frisyreren **Dykkar** snarast råd!*
- *Kan **De** vente til i morgon?*

## BESTEMMARORD – DETERMINATIV

Bestemmarord (determinativ) er av dei nye ordklassane. Det er naturleg å dele orda i denne ordklassen inn i fire hovudgrupper:

- eigeomsord («**min**», «**din**», «**sin**», ...)
- peikeord («**denne**», «**dette**», «**desse**»)
- mengdeord (grunntala, artikkelane, «**ingen**», «**nokre**», «**alle**», ...)
- forsterkarane «**eigen**» og «**sjølv**»

Vi bøyer berre nokre av **eigeomsorda** etter kjønn og tal. I denne tabellen har vi utheva dei eigeomsorda som anten er lite brukt eller aldri brukt i bokmålstekstar:

<b>TABELL 20: EIGEDOMSORD</b>		<b>Hankjønn</b>	<b>Hokjønn</b>	<b>Inkjekjønn</b>	<b>Fleirtal</b>
<b>Eintal</b>	<b>1. person</b>	sonen min	dottera <b>mi</b>	barnet mitt	borna mine
	<b>2. person</b>	sonen din	dottera <b>di</b>	barnet ditt	borna dine
	<b>3. person</b>	sonen hans sonen <b>hennar</b> sonen sin	dottera hans dottera <b>hennar</b> dottera <b>si</b>	barnet hans barnet <b>hennar</b> barnet sitt	borna hans borna <b>hennar</b> borna sine
<b>Fleirtal</b>	<b>1. person</b>	sonen vår	dottera vår	barnet vårt	borna våre
	<b>2. person</b>	sonen <b>dykkar/dokkar</b>	dottera <b>dykkar/dokkar</b>	barnet <b>dykkar/dokkar</b>	borna <b>dykkar/dokkar</b>
	<b>3. person</b>	sonen <b>deira</b>	dottera <b>deira</b>	barnet <b>deira</b>	borna <b>deira</b>

Vi plasserer som oftast eigedomsordet etter substantivet på nynorsk («*hundreåret vårt*»), ikkje framfor substantivet («*vårt hundreår*»). Her er fleire eksempel:

Bokmål	Nynorsk
<p><i>Eva, jeg vil gjerne lufte din hund ...</i>  <i>Sorry, jeg må vente på min bestemor!</i>  <i>Hans høyeste ønske er å se Finnmark.</i></p>	<p>⇒ <i>Eva, eg vil gjerne lufte hunden din ...</i>            ⇒ <i>Sorry, eg må vente på bestemora mi!</i>            ⇒ <i>Det høgste ønsket hans er å sjå Finnmark.</i></p>

Det er mogleg å bryte hovudregelen som seier at eigedomsordet skal stå etter substantivet, særleg om du vil framheve eigedomsforholdet:

- *Du kan låne **min** stol (men ikkje rektor sin ...)*
- *Eg blir sur om dei har brote seg inn i **vårt** hus (men ikkje i naboen sitt ...)*

## Mengdeord

Ein del av **mengdeorda** bøyer vi etter kjønn og tal.

**TABELL 21:**  
**MENGDEORD**  
 + EIGEN

Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn	Fleirtal
annan	anna	anna	andre
ein	ei	eit	
einkvan	eikor	eitkvart	
ingen	inga	ikkje noko	ingen
kvar	kvar	kvart	
mang ein	mang ei	mangt eit	mange
nokon	noka	noko	nokre, nokon

Her er eksempel på korleis vi kan bruke orda ovanfor saman med substantiv:

- *Eit **anna** råd [inkjekjønnsord] er å plante blomstrane i store krukker.*
- *Brann-trenaren refsa sine **eigne** supporterar [fleirtalsform]*
- *På einkvan måte [hankjønnsord] må det gjerast.*
- *For politiet på Lillehammer er inga **sak** [hokjønnsord] for lita.*
- ***Kvart** år [inkjekjønnsord] dør over 320.000 menneske i arbeidsulukker.*
- ***Mang ein** politiskar [hankjønnsord] kan finne trøyst i songane til Ivar Aasen.*

## Nokre eller nokon?

På nynorsk brukar vi «nokre» der engelskmennene brukar «some», når vi veit at det finst fleire av noko. Vi brukar «nokon» der engelskmennene brukar «any», i uttrykk med spørsmål, tvil og nekting:

- ***Nokre** av pensjonistane hadde opplevd orkan før.*
- *Ho såg **nokre** av venene sine i byen.*
- *Det spørst om det kjem **nokon** fleire. [Tvil.]*
- *Lengst ut i havgapet var det ingen som trudde at **nokon** kunne bu. [Nekting.]*
- *Møtte du **nokon** på veg til fotballkampen? [Spørsmål.]*

# LYDVERKET

Bokmål og nynorsk skil seg litt frå kvarandre når det gjeld enkelte språklydar. Nedanfor har vi prøvd å systematisere desse skilnadene:

## æ ⇒ e

På nynorsk har vi ein del ord som vi skriv med *e* i staden for *æ*. Her er nokre eksempel:

- *å vere, å skjere, å bere* (verb)
- *vêr, lêr, skjær* (substantiv)

## å, a, u ⇒ o

På nynorsk har vi fleire ord som vi skriv med *o* i staden for *å, a* og *u*:

- *ein drope, å opne, open, røten, tolmodig*
- *ein song, ei dotter, ein gong, ei stong*
- *eit golv, ei boge, eit hòl, eit skot*

## a ⇒ å

Ein del ord som vi skriv med *a* på bokmål, får i staden *å* på nynorsk:

- *frå* (preposisjon)
- *måndag, gåve, oppgåve* (substantiv)
- *låg* (adjektiv)

## ⇒ j

I ein del nynorskord dukkar det opp ein *j* som ikkje finst i det tilsvarande bokmålsordet:

- *mykje* (adjektiv)
- *ikkje* (adverb)
- *ferje, kyrkje* (substantiv)
- *å fortelje, å selje, å spørje, å velje* (verb)

## vn ⇒ mn

På nynorsk har vi ein del ord som vi skriv med *mn* der vi på bokmål skriv med *vn*:

- *jamn* (adjektiv)
- *ein famn, ei hamn, eit namn, ein omn, eit stemne* (substantiv)
- *å hemne, å nemne, å stemne, å utjamne* (verb)

## hv ⇒ kv

På bokmål startar dei fleste spørjeorda med *hv*, men denne konsonantforbindinga finst ikkje på nynorsk. Orda startar i staden med *kv*:

- *kva, kvar, kven, kvifor* (spørjeord)
- *kval, kvile, kviskre, kvit* (andre ord)

## diftongar

Nynorsk har mange fleire diftongar enn bokmål. Etter den nye rettskrivingsreforma i 2012 er det no obligatorisk også med mange *øy*-diftongar:

- *blaut, fraus, haust, laurdag, laus, raud, skaut*
- *fleire, heim, leike, meir, seie, skeiv, skreik, skreiv*
- *å drøyme, å døy, å gløyme, å gøyme, å høyre, å køyre, å strøyme, ei røyst, ei trøyst, eit øyre, trøytt*

## enkeltkonsonantar

Nokre nynorskord har enkeltkonsonant der bokmålsorda har dobbeltkonsonant:

- *ein gut, eit glas, eit tal*
- *søner, føter, røter*

## endingane -sam/-leg/-ar

Mange nynorskord endar på *-sam* der bokmålsorda endar på *-som*. På den same måten blir endinga *-lig* ofte til *-leg* på nynorsk:

- *einsam, følsam, hjelpsam, lønsam*
- *dagleg, dårleg, endeleg, eventyrleg, farleg, herleg, valdeleg, vennleg*

Nokre ord som har med yrke eller nasjonalitet å gjere, endar på *-ar* på nynorsk medan dei endar på *-er* på bokmål.

- *bakar, forfattar, fiskar, lærar, skreddar*
- *amerikanar, italiengar, japanar, kinesar*

# MINIORDLISTE

## BOKMÅL – NYNORSK

adlyde – lystre  
 advarsel – åtvaring  
 alene – aleine  
 allerede – allereie, alt  
 anførselstegn – hermeteikn  
 annerledes – annleis  
 ansatt – tilsett  
 antall – tal, mengd  
 avgjørelse – avgjerd  
 bare – berre  
 bedre – betre  
 begivenhet – hending  
 begravelse – gravferd  
 blomst – blomster  
 bløt – blaut  
 bred – brei  
 bruksanvisning – bruksrettleiing  
 (et) budskap – (ein) bodskap  
 de/dem – dei  
 deilig – flott  
 dere – dokker/de/dykk  
 dessuten – dessutan  
 drøm – draum  
 drømme – drøyme  
 dyp – djup  
 egentlig – eigentleg  
 eiendom – eigedom  
 ellers – elles  
 enebolig – einebustad  
 enhver – alle  
 ensomhet – einsemd  
 et – eit  
 etter hvert – etter kvart  
 flere – fleire  
 flom – flaum  
 foran – framfor, føre  
 forberedelse – førebuing  
 forbrytelse – brotsverk  
 foreløpig – førebels  
 forrige – førre  
 fortsatt – framleis  
 fortsettelse – framhald  
 forutsetning – føresetnad  
 for øvrig – elles  
 fra – frå  
 fremmed – framand  
 frihet – fridom  
 følelse – kjensle  
 gave – gåve  
 gjemme – gøyme

## BOKMÅL – NYNORSK

grønn – grønn  
 gutt – gut  
 havn – hamn  
 hel – heil  
 hellig – heilag  
 hennes – hennar  
 hensyn – omsyn  
 hilse – helse  
 hjemme – heime  
 hode – hovud  
 hun – ho  
 huske – hugse  
 hva – kva  
 hvem – kven  
 hver – kvar  
 hverandre – kvarandre  
 hvilke – kva for nokre  
 hvilken – kva for ein/ei  
 hvilket – kva for eit  
 hvis – viss, dersom  
 hvor – kvar, kor, der  
 hvordan – korleis  
 hvorfor – kvifor  
 høst – haust  
 høy – høg  
 i hvert fall – i alle fall  
 ikke – ikkje  
 ild – eld  
 imidlertid – likevel  
 innen – innan  
 innerst – inst  
 innflytelse – påverknad  
 istedenfor – i staden for  
 jeg – eg  
 jevnaldrende – jamgammal  
 kirke – kyrkje  
 kjærlighet – kjærleik  
 klær – klede  
 kun – berre  
 lav – låg  
 leder – leiar  
 lille – vesle  
 likeledes – likeins  
 lyve – ljuge, lyge  
 løpe – springe  
 lørdag – laurdag  
 løsning – løys(n)ing  
 man – ein  
 mandag – måndag  
 mene – meine

## BOKMÅL – NYNORSK

midlertidig – mellombels  
 mulighet – sjanse  
 navn – namn  
 nederst – nedst  
 nese – nase  
 Norge – Noreg  
 nyhet – nyheit  
 i nærheten – i nærleiken  
 ondskapsfull – vondskapsfull  
 oppfinnelse – oppfinning  
 oppgave – oppgåve  
 oversettelse – omsetjing  
 overhodet – i det heile  
 regne – rekne  
 ren – rein  
 rød – raud  
 salg – sal  
 samme – same  
 sammen – saman  
 se – sjå  
 seier – siger  
 selv – sjølv  
 selvsagt – sjølvsagt  
 si – seie  
 siden (adverb) – sidan  
 sjelden – sjeldan  
 sted – stad  
 syk – sjuk  
 såkalt – såkalla  
 således – såleis  
 tall – tal  
 tegn – teikn  
 tillatelse – løyve  
 til tross for – trass i  
 tirsdag – tysdag  
 tro – tru  
 trolig – truleg  
 tyveri – tjuveri  
 uke – veke  
 uten – utan  
 utenfor – utanfor  
 vann – vatn  
 veivalg – vegval  
 verken A eller B – korkje A eller B  
 videre – vidare  
 virke – verke  
 ytterst – ytst  
 øke – auke  
 øyeblikk – ein augneblink  
 åpne – opne

# NYNORSKE SEIEMÅTAR

## Aktiv og passiv

Når subjektet utfører handlinga, har vi ei aktiv verbform. Det blir klart for lesaren kven som handlar. Vi brukar passiv når vi ikkje veit kven som handlar, eller når det ikkje er viktig kven som handlar.

Aktiv	Passiv
<p>⇒ Det er viktig at <u>vi følger</u> regelverket.</p> <p>⇒ <u>Elevane må levere</u> inn søknadene før fristen.</p> <p>⇒ <u>Dei tilsette skal låse</u> ytterdøra når dei går.</p>	<p>Det er viktig at regelverket <b>blir fulgt</b>.</p> <p>Alle søknadene <b>må leverast</b> inn før fristen.</p> <p>Ytterdøra <b>skal låsast</b> når ein går.</p>

På bokmål kan ein uttrykkje passiv utan å bruke hjelpeverb (*Kjøkkenet gjøres rent hver tirsdag.*)

På nynorsk må vi alltid bruke **hjelpeverb** for å uttrykkje passiv. Anten brukar vi ei form av *bli/verte*, eller så brukar vi eit modalt hjelpeverb (*skal/skulle, vil/ville, kan/kunne, må/måtte, bør/burde*) og legg til **-ast** til stammen av verbet.

- Kjøkenet **blir gjort** rent kvar tysdag.
- Ingen **blir straffa** om eg får pengane mine tilbake.
- Bilen **vart reparert** på verkstaden like sør for Otta.
- Golvet **skal vaskast** med mopp.
- Rekningane **bør betalast** på forskot.

## Substantivsjuke

I bokmål kan vi finne litt tunge og substantivrike formuleringar som ligg langt frå kvardagspråket. Når vi skriv nynorsk, går vi oftare rett på sak og brukar fleire verb:

Bokmål	Nynorsk
<p><i>Tillatelsen har en varighet på tre år.</i></p> <p><i>Vi skal gjøre en vurdering av forslaget.</i></p> <p><i>Georg, gå inn i ein dialog med partane!</i></p> <p><i>Elevene får økte kunnskaper om emnet.</i></p> <p><i>Det er viktig å tilstrebe en felles forståelse.</i></p>	<p>⇒ <i>Løyvet gjeld i tre år.</i></p> <p>⇒ <i>Vi skal vurdere forslaget.</i></p> <p>⇒ <i>Georg, snakk med partane!</i></p> <p>⇒ <i>Elevane lærer meir om emnet.</i></p> <p>⇒ <i>Det er viktig at vi forsøker å bli einige.</i></p>

## Samansette verb

Der bokmål har fast samansetning, har nynorsk har ofte laust samansette verb:

Bokmål	Nynorsk
<p><i>Råttassen fra Arsenal ble <b>utestengt</b> i tre kamper.</i></p> <p><i>Regjeringen skal snart <b>fremlegge</b> et lovforslag.</i></p> <p><i>Skal vi <b>underskrive</b> her?</i></p> <p><i>Stortinget i Norge <b>tilsvarer</b> Riksdagen i Sverige.</i></p> <p><i>Jeg <b>frasier</b> meg alt ansvar for klubben.</i></p> <p><i>Forlaget <b>utga</b> tre praktbøker i fjor.</i></p>	<p>⇒ <i>Råttassen frå Arsenal blei <b>stengd ute</b> i tre kampar.</i></p> <p>⇒ <i>Regjeringa skal snart <b>leggje fram</b> eit lovforslag.</i></p> <p>⇒ <i>Skal vi <b>skrive under</b> her?</i></p> <p>⇒ <i>Stortinget i Noreg <b>svarer til</b> Riksdagen i Sverige.</i></p> <p>⇒ <i>Eg <b>seier frå</b> meg alt ansvaret for klubben.</i></p> <p>⇒ <i>Forlaget <b>gav ut</b> tre praktbøker i fjor.</i></p>

# RETTSKRIVINGSREGLAR

## Å eller og?

- ✓ Vi kan bruke desse to hovudreglane:

- ❶ Infinitivsmerket **å** kan berre stå framfor eit verb i infinitiv:

*Han liker **å** lese. Ho kjem til **å** klare det.*

- ❷ Bindeordet **og** står mellom ord og setningar av same type:

*Han les **og** skriv.*

(to verb i presens)

*Dei kan hoppe **og** danse.*

(to verb i infinitiv)

*Både huset **og** garasjen var nymåla.*

(to substantiv)

*Ein gammal **og** hjulbeint mann kom gåande.*

(to adjektiv)

*Caroline kan syngje, **og** Zygis kan danse.*

(to setningar)

- ✓ Dessutan brukar vi bindeordet **og** når vi gjer to ting samstundes:

*Han vart ståande **og** glo. Han vart sitjande **og** ete potetgull.*

- ✓ **Fortidsprøva:** Dersom vi er i tvil om vi skal skrive **å** eller **og**, kan vi bruke fortidsprøva. Då set vi verba i fortid: «*Dei dansar **og** ler*» blir i fortid til «*dei dansa **og** lo*». Vi ser at det er rett å plassere **og** mellom verba. «*Vi liker **å** prate*» blir i fortid til «*vi likte **og** pratet*». Dette gir inga meining, og vi må bruke infinitivsmerket **å**.

- ✓ **PS:** Etter ord som «prøve», «forsøke», «begynne», «starte» og «slutte» skal det ofte vere ein **å** + infinitiv:

*Malene prøvde **å** setje punktum på rett plass.*

*Eg forsøkte **å** smiske med læraren.*

*Vi begynte **å** lese eit nytt kapittel.*

*Laga skulle starte **å** spele klokka fire.*

*Femåringen ville slutte **å** sjå på barne-tv.*

## Da/då eller når?

- ✓ Lær deg denne hugseregelen: «Den gongen då, kvar gong når»

- ✓ Når noko hender fleire gonger, eller om noko skal hende i framtida, brukar vi **når**:

*Han et frukost kvar dag **når** han står opp.*

(gjentaking)

*Kvar gong **når** han gjekk aleine til skulen, fekk han dynk.*

(gjentaking – fortid)

***Når** eg blir atten år, skal eg drikke som eit svin.*

(framtid)

***Når** eg er ferdig med tiande klasse, kjem eg til å sakne norsklæraren.*

(framtid)

## «Vennane hans» eller «vennane sine»?

- ✓ Om Alexander og Mustafa står og skryt til kvarandre om kor gode vennar dei har, skryt Alexander då av «vennane sine» eller «vennane hans»? Rett svar: Alexander skryt av «vennane sine»! (Om Alexander skryt av «vennane hans», skryt han av vennane til Mustafa!)



## Enkel eller dobbel konsonant?

✓ Her er hovudreglane for bruken av enkel og dobbel konsonant:

- 1 Vi skriv enkel konsonant *etter lang vokal*.
- 2 Vi skriv oftast dobbel konsonant *etter kort vokal*

Enkel konsonant	Dobbel konsonant
å tape	å tappe
å luke	å lukke
våt	ein vott
pen	ein penn
høg	(eg) høgg
eg	eit egg

- 3 Vi får *aldri dobbel m* i slutten av eit ord sjølv om det er kort vokal:  
lam – lammet, kam – kammen
- 4 Det er alltid to l-ar i *alltid*, og aldri to l-ar i *aldri*.
- 5 Dobbel konsonant blir *forenkla* når det kjem ny konsonant etter:  
ein nøkkel – nøkkelen – fleire **nøklar** – alle **nøklane**  
å minne – minner – **minnte** – har **mint**  
å treffe – treffer – **trefte** – har **treft**  
trygg – **trygt** – trygge

**NB:** I samansette ord følgjer vi ikkje regelen ovanfor: *takknemleg, inngang, alltid*

**NB2:** Orda «*visste*», «*visst*» og «*fullt*» følgjer heller ikkje regelen ovanfor. Grunnen til det er at vi ikkje skal forveksle desse orda med andre ord.

## Orddeling og særskriving

✓ Når det er for liten plass på ei linje, må vi stundom dele ord. Det må gjerast på rett måte!

- 1 Vi deler samansette ord mellom *dei ulike ledda*:  
skule-dag, tann-lege, trafikk-lys, halv-vegs, tru-fast, køyre-tøy
- 2 Vi deler orda slik at *éin konsonant* går til den nye linja:  
appel-sin, fly-te, bru-ke, ha-ge, sko-gen
- 3 Vi kan også dele orda *før bøyingsendinga*:  
skog-en, hus-et
- 4 Vi deler aldri ordet inne i en lyd [pens-jonist]. Det rette er pen-sjonist eller pensjo-nist
- 5 Ein vanleg feil mange gjer, er å setje inn mellomrom i ord som ikkje skal delast:  
kjempebra (gale: kjempe bra) vaskeklut (gale: vaske klut)  
tohjulssykkel (gale: tohjuls sykkel) sykkel verkstad (gale: sykkel verkstad)
- 6 Nokre ord skiftar tyding om dei blir delte i to:  
*Alt for freden! Altfor små sko!*  
Eg står *over alt* og alle. Lukta er *overalt*.

## Stor eller liten forbokstav?

- 1 Vi set alltid stor forbokstav etter punktum og også etter kolon om det kjem ei heilsetning bak:  
Jentene drog på diskotek. Der dansa dei og mora seg.  
Ei av jentene gjekk bort til ein gut og sa: Skal vi danse?
- 2 Vi skriv stor forbokstav i *eigennamn*:  
Zander, Louise, Gildeskål, Glomma, Sverige, Syden, Norden, Vinter-Noreg
- 3 Vi skriv liten bokstav i *fellesnamn*:  
båt, hund, skip, orkan
- 4 Vi skriv stor bokstav i høflege tiltalepronomen og i «Stortinget» og «Noregs Lover»:  
De, Dykk, Dykkar, Dykkar Majestet
- 5 Vi skriv liten forbokstav i *namn på stillingar, titlar, osv.:*  
statsministeren, kong Harald, inspektør Eliassen, vaktmeister
- 6 Vi skriv liten bokstav i *namn på dagar, månader og høgtider:*  
Vi kom til hytta **t**ysdag 12. **a**ugust, nokre dagar etter **o**lsok.

## Korleis skal vi setje komma?

- 1 **Komma mellom to sideordna setningar**  
*Tobias spelar fotball, og Catharina køyrer telemark  
Dei sa at Emilie skulle stå i mål, for det hadde ho gjort før.*
- 2 **Alltid komma etter ei leddsetning som står først i heilsetninga**  
*Da konserten var over, gjekk dei heim.  
Dersom du trener mykje, blir du sterk.  
Etter kvart som Pamela vart eldre, fekk ho meir og meir appelsinhud.*
- 3 **Komma etter ei som-setning**  
*William som jobbar på bensinstasjonen, er flink til å reparere bilar.*
- 4 **Komma framfor ei unødvendig leddsetning**  
*William, som jobbar på bensinstasjonen, er flink til å reparere bilar.  
Dei kom fram til hytta klokka ni, akkurat som venta.*
- 5 **Komma ved opprekning**  
*På torget hadde han kjøpt jordbær, eple, appelsinar og plommer.  
Dei fekk kaffi, kaker, bollar og brus.*
- 6 **Komma ved svarord, tiltaleord og utrop**  
*«Ja, dette må du verkeleg lære.»  
– Nei, det kan du banne på at eg ikkje vil!  
No må du skunde deg, Kari!  
– Au, det gjer vondt!*
- 7 **Komma ved direkte tale**  
*«Det er ingenting eg heller vil», sa Morten då han fekk ordre om å gjere matteleksene.*

# FORVEKSLINGSORD

– ORD SOM STAVEKONTROLLEN IKKJE TEK

Orda i den venstre kolonnen har lovleg skrivemåte, men tyder kanskje noko anna enn det du trur ... I mange tilfelle bør du velje bort skrivemåten i venstre kolonne og velje skrivemåten i høgre kolonne.

NB: Skriv du i Word, kan du bruke søk-og-erstatt-funksjonen for å rette opp feil i teksten din!

<b>arma</b> (verb, "gjere maktlaus")	eller	<b>armane</b> (hankjønnsord, b.f. fleirtal)
<b>ble</b> (infinitiv, "bla i ei bok")	eller	<b>blei</b> (preteritum av <i>å bli</i> )
<b>brett</b> (inkjekjønnsord, ub.f.)	eller	<b>breitt</b> (adjektiv)
<b>brøyt</b> (imperativ av <i>å brøyte</i> )	eller	<b>braut</b> (preteritum av <i>å bryte</i> )
<b>de</b> (pronomen, 2. person fleirtal)	eller	<b>dei</b> (pronomen, 3. person fleirtal)
<b>dekka</b> (inkjekjønnsord, b.f. fleirtal)	eller	<b>dekte</b> (preteritum av <i>å dekkje</i> )
<b>disse</b> (infinitiv, "gyngje att og fram")	eller	<b>desse</b> (peikeord)
<b>dokke</b> (hokjønnsord, ub.f. eintal)	eller	<b>dokker</b> (pronomen, 2. person fleirtal)
<b>dom</b> (hankjønnsord, ub.f. eintal)	eller	<b>dei</b> (pronomen, 3. person fleirtal)
<b>eiter</b> (inkjekjønnsord, "svidande væske")	eller	<b>etter</b> (preposisjon)
<b>eksemplar</b> ("han stal eit eksemplar av boka")	eller	<b>eksempel</b> ("vi står fram som gode eksempel")
<b>en</b> (fransk småord)	eller	<b>ein</b> (artikkel, hankjønn)
<b>et</b> (imperativ av <i>å ete</i> )	eller	<b>eit</b> (artikkel, inkjekjønn)
<b>falt</b> (adjektiv)	eller	<b>fall</b> (preteritum av <i>å falle</i> )
<b>fant</b> (hankjønnsord, ub.f. eintal)	eller	<b>fann</b> (preteritum av <i>å finne</i> )
<b>flaut</b> (preteritum av <i>å flyte</i> )	eller	<b>flau/flautt/flaue</b> (adjektiv)
<b>fløy</b> (hokjønnsord, ub.f. eintal)	eller	<b>flaug</b> (preteritum av <i>å fly</i> )
<b>frem</b> (imperativ av <i>å fremje</i> )	eller	<b>fram</b> (retningsadverb)
<b>funnet</b> (inkjekjønnsord, b.f. eintal)	eller	<b>funne</b> (perfektum av <i>å finne</i> )
<b>gang</b> (hankjønnsord, "korridor")	eller	<b>gong</b> (hankjønnsord, som i "ein gong i 2014")
<b>gleda</b> (hokjønnsord, b.f. eintal)	eller	<b>gledde</b> (preteritum av <i>å glede</i> )
<b>ham</b> (hankjønnsord, ub.f. eintal)	eller	<b>han</b> (pronomen, 1. person eintal, sub./obj.)
<b>heit</b> (adjektiv)	eller	<b>heitte</b> (preteritum av <i>å heite</i> )
<b>holde</b> (infinitiv, "få hold")	eller	<b>halde</b> (infinitiv, synonymt med "ha grep rundt")
<b>hove</b> (perfektum av <i>å hevje</i> )	eller	<b>hovudet</b> (inkjekjønnsord, b.f. eintal)
<b>hun</b> (hankjønnsord, "bjørnunge")	eller	<b>ho</b> (pronomen, 3. person eintal)
<b>huskar</b> (hankjønnsord, synonymt med <i>tenar</i> )	eller	<b>hugsar</b> (presens av <i>å hugse</i> , "minnast")
<b>høy</b> (inkjekjønnsord, ub.f., "tørka gras")	eller	<b>høg</b> (adjektiv)
<b>kjem</b> (presens av <i>å kome</i> )	eller	<b>kom</b> (preteritum av <i>å kome</i> )
<b>komma</b> (inkjekjønnsord, ub.f.)	eller	<b>kome</b> (infinitiv)
<b>kviste</b> (infinitiv, "å skjere vekk kvister")	eller	<b>visste</b> (preteritum av <i>å vite</i> )
<b>lata</b> (kløyvd infinitiv, <i>å late/lata</i> )	eller	<b>lét</b> (preteritum av <i>å late</i> )
<b>lav</b> (inkjekjønnsord, "plantart")	eller	<b>låg</b> (adjektiv)
<b>leda</b> (adjektiv)	eller	<b>leidde</b> (preteritum av <i>å leie</i> )

<b>lekte</b> (hokjønnsord, "langt trestykke")	eller	<b>leika/leikte</b> (preteritum av <i>å leike</i> )
<b>leste</b> (infinitiv, "å utvide sko på ein leist")	eller	<b>las</b> (preteritum av <i>å lese</i> )
<b>lette</b> (adjektiv, fleirtalsform)	eller	<b>leita/leitte</b> (preteritum av <i>å leite</i> )
<b>lærer</b> (presens av <i>å lære</i> )	eller	<b>lærar</b> (hankjønnsord, ub.f. eintal)
<b>løp</b> (inkjekjønnsord, ub.f.)	eller	<b>sprang</b> (preteritum av <i>å springe</i> )
<b>løyp</b> (imperativ, "gje eit oppkok")	eller	<b>sprang</b> (preteritum av <i>å springe</i> )
<b>løys</b> (imperativ av <i>å løyse</i> )	eller	<b>laus</b> (adjektiv)
<b>man</b> (inkjekjønnsord, "hestehår")	eller	<b>ein</b> (ubunden pronomen)
<b>mitt</b> (eigedomsord, til inkjekjønnsord)	eller	<b>midt</b> (adjektiv)
<b>nesa</b> (inkjekjønnsord, b.f. fleirtal)	eller	<b>nasen</b> (hankjønnsord, b.f. eintal)
<b>pleiar</b> (hankjønnsord, ub.f. eintal)	eller	<b>plar</b> (presens av <i>å pla</i> , "ha for vane")
<b>regnar</b> (presens av <i>å regne</i> , "fell som regn")	eller	<b>reknar</b> (presens av <i>å rekne</i> , "telje")
<b>rekna</b> (preteritum av <i>å rekne</i> , "talde")	eller	<b>regna</b> (preteritum av <i>å regne</i> , "fall som regn")
<b>sank</b> (imperativ av <i>å sanke</i> , "å plukke/samle")	eller	<b>sokk</b> (preteritum av <i>å søkke</i> , "sige")
<b>sat</b> (preteritum av <i>å sitje</i> )	eller	<b>sette</b> (preteritum av <i>å setje</i> )
<b>savne</b> (adjektiv)	eller	<b>sakne</b> (infinitiv, synonymt med "vere utan")
<b>si</b> (inkjekjønnsord, "laus tråd av kuhår")	eller	<b>seie</b> (infinitiv, "å uttale/hevde/fortelje")
<b>sida</b> (hokjønnsord, b.f. eintal)	eller	<b>sidan</b> (tidsadverb)
<b>skaua</b> (substantiv, "forhud på lemen til hest")	eller	<b>skogen</b> (hankjønnsord, b.f., eintal)
<b>skule</b> (substantiv, ub.f., eintal)	eller	<b>skulle</b> (preteritum av <i>å skulle</i> )
<b>skvetta</b> (preteritum, "gav frå seg væske")	eller	<b>skvatt</b> (preteritum, "fekk ein støkk")
<b>spille</b> (infinitiv, "å sløse bort")	eller	<b>spele</b> (infinitiv, "drive med ball; vedde")
<b>spist</b> (adjektiv, "som har brodd; kvas")	eller	<b>ete</b> (perfektum av <i>å ete</i> )
<b>sto</b> (substantiv, "kvileplass for krøter")	eller	<b>stod</b> (preteritum av <i>å stå</i> )
<b>så</b> (adverb, "slik; på den måten")	eller	<b>såg</b> (preteritum av <i>å sjå</i> )
<b>tel</b> (substantiv, "fin ull på sauen")	eller	<b>til</b> (preposisjon)
<b>rette</b> (hokjønnsord, "krangel, munnhogger")	eller	<b>trøytt</b> (adjektiv, fleirtalsform, "slitne")
<b>tro</b> (substantiv, "avlangt kar")	eller	<b>tru</b> (inf., "lite på" eller substantiv, "overtydning")
<b>tross</b> (substantiv, "militært utstyr")	eller	<b>trass</b> (preposisjon, "likevel")
<b>turte</b> (substantiv, "korgblomstra plante")	eller	<b>torde</b> (preteritum av <i>å tore</i> , "å våge")
<b>vart</b> (preteritum av <i>å verte</i> , "å bli")	eller	<b>var</b> (preteritum av <i>å vere</i> )
<b>veske</b> (hokjønnsord, ub.f. eintal, "pose/taske")	eller	<b>væske</b> (hokjønnsord, "flytande stoff")
<b>virka</b> (inkjekjønnsord, b.f. fleirtal)	eller	<b>verka</b> (preteritum av <i>å verke</i> )
<b>viste</b> (preteritum av <i>å vise</i> )	eller	<b>visste</b> (preteritum av <i>å vite</i> )
<b>vokse</b> (infinitiv, "å stryke voks på")	eller	<b>vakse</b> (perfektum av <i>å vekse</i> , "å bli større")
<b>vær</b> (substantiv, "hamn ved havet")	eller	<b>vêr</b> (substantiv, "hannedyr av sau; vind/nedbør")
<b>vårast</b> (verb, "bli vår; avslutte vinteren")	eller	<b>vår</b> (eigedomsord)
<b>øst</b> (adjektiv, inkjekjønnsform, "oppskaka")	eller	<b>aust</b> (adverb, "i austleg retning")
<b>øyane</b> (hokjønnsord, b.f., fl., "landområde")	eller	<b>auga</b> (inkjekjønnsord, b.f., fleirtal, "synsorgan")
<b>årane</b> (hankjønnsord, b.f. fl., "roreiskap")	eller	<b>åra</b> (inkjekjønnsord, bf., fl., "tidsperiodane")

# SPRÅKSJEKKEN

- Eg har sjekka at dei aller fleste **hankjønnsorda** sluttar på **-ar** og **-ane** i fleirtal.  
*Eksempel: gutar, amerikanarar, sjåførane, stolane*
- Eg har sjekka at dei aller fleste **hokjønnsorda** sluttar på **-er** og **-ene** i fleirtal.  
*Eksempel: jenter, vesker, hyttene, bøkene*
- Eg har sjekka at **inkjekjønnsorda** er utan ending i ubunden form fleirtal, og at dei sluttar på **-a** i bunden form fleirtal.  
*Eksempel: fleire eple, fleire menneske, alle husa, alle landa*
- Eg har sjekka at eg har brukt **s-genitiv** berre i samband med eigennamn og i faste uttrykk.  
*Eksempel: Frankrikes president, i manns minne*
- Eg har sjekka at eg har brukt **dobbel bestemming** der det er mogleg.  
*Eksempel: den største bilen (vår største bil), sofakroken min (min sofakrøk)*
- Eg har sjekka at ingen av verba sluttar på **-et** i preteritum.  
*Eksempel: hoppet (skriv «hoppa»), kastet (skriv «kasta»)*
- Eg har sjekka at dei verba som sluttar på **-a** i preteritum (**a-verba**), sluttar på **-ar** i presens.  
*Eksempel: I går handla eg inn maten. Det er alltid eg som handlar inn maten.*
- Eg har sjekka at dei verba som sluttar på **-e** i preteritum (**e-verba**), sluttar på **-er** i presens.  
*Eksempel: I går kjøpte eg ei avis. Eg kjøper ei avis kvar einaste dag.*
- Eg har sjekka at dei aller fleste **adjektiva** sluttar på **-are** i komparativ og på **-ast** i superlativ.  
*Eksempel: Ho blir sterkare og vakrare. Ho er alt no den sterkaste og vakraste.*
- Eg har stilt inn **stavekontrollen** på nynorsk og undersøkt dei orda som stavekontrollen reagerer på. Dessutan har eg brukt **ordliste** og slått opp ord som eg er usikker på.